



VOSS KOMMUNE

Rådmannen sin stab

Det kongelige Samferdselsdepartement
Postboks 8010 Dep.

0030 OSLO

Vår ref 15/115-2	Etat/ avd. STA	Saksbeh KJ	Ark. N00	Dykkar ref.	Dato 25.01.2015
---------------------	-------------------	---------------	-------------	-------------	--------------------

UTTALE TIL UTKAST TIL NY POSTLOV OG POSTFORSKRIFT

Voss kommune sin uttale til høyring på innføring av EU sitt 3. postdirektiv - 2008/6/EU

Regjeringa ynskjer å gjennomføra EU sitt 3. postdirektiv, og har sendt utkast til ny postlov og postforskrift ut på høyring. Noreg har i fylge EØS-avtalen rett til å reservera seg mot innføring av EU sine enkeltdirektiv.

Voss kommune meiner at innføring av postdirektivet får negative konsekvensar for innbyggjarane. Det same gjeld for offentleg institusjonar og for privat næringsliv i Voss kommune.

Fjerning av ordninga med einingsporto for sendingar under 50 gram for næringslivet vil føra til dårlagare vilkår for denne type sendingar, då det ikkje er sannsynleg at private aktørar kjem til å konkurrera om levering av posttenester i distrikta. Dette er brot på prinsipp om likeverdige tenester i landet.

Vidare vil fjerning av postombering laurdagar føra til at viktig privat og offentleg post, som til dømes biologiske prøvar, medisinar og anna, vert forsinka i høve til postombering 6 dagar pr. veke. Dette gjeld òg distribusjon av aviser i distrikta. Dette er særleg problematisk då det ikkje vil vera alternative leveringsløysingar. Det vil seia dårlagare vilkår for lokalaviser i distrikta.

Voss kommune meiner at innføring av EU sitt 3. postdirektiv vil føra til dyrare og dårlagare posttenester for landet samla, og særleg for områda utanfor dei største byane. Me ber regjeringa om å bruka reservasjonsretten mot innføring av direktivet.

Med helsing

Hans Erik Ringkjøb
Ordførar